

Bendikt'n i Lorthola

Gravølet

I ei hule oppunder ein hammar, litt utanfor allfarveg, ligg det eit lite falleferdig hus. Bortanfor er det ein liten fjøs og eit eldhus med ein utedo på eine sida. Folk kallar plassen for Lorthola, og her bur Bendik'n. Ein liten tynn kar, litt lutrygga og ikkje så pen å sjå til akkurat. Det var vel difor det aldri hadde vorte noko kvinnfolk på han heller, ungar til evig tid. Bendikt'n var så forviten at han visste mest ikkje kva fot han skulle stå på. Var det ikkje noko nytt i bygda, ja, så dikta han ihop og laug så det rann av han. Han elska å egle opp folk, og lage «dævelskap.» Då storkosa Bendikt'n seg. Men han var alltid litt uheldig òg, slik at det meste av sprelda hans fall attende på han sjølv.

I dag hadde Bendik'n kledd seg i sin finaste stas, han skulle til kyrkje. Ikkje det at han var så guddommeleg av seg, nei, han skulle i jordferd. Ei gammal kjæring i bygda hadde vist lagt inn årane for godt. Det var grunn god nok til at Bendikt'n i Lorthola såg seg i stand til å reise til kyrkje. Etter at dei hadde fått folk i jorda, var det vanleg å samlast heime hjå den avlidne til eit godt måltid og noko godt å drikke. Det var ikkje kvar dag Bendikt'n fekk ete gratis. Slike sjansar let han aldri gå frå seg. Han la innpå ei dugeleg skrå og slengde den skeive døra att etter seg. Så gjekk han med faste skritt nedover mot sjøen. Han skulle ro ilag med Lass'n på Neset, for kyrkja låg på den andre sida av fjorden. Det var vanleg i slike ærend. Det var ikkje langt over, eit kvarters tid å ro. Lass'n var ungar òg, men i motsetting til Bendikt'n, var han ein stor og røsleg mann og lest som om han hadde flust med pengar, men Bendikt'n tvilte på det. Det var mest spel for galleriet etter hans meining, sjølv om han hadde tent i by'n i sine unge år.

Lass'n stod brei som ei låvedør ute på trappa då Bendikt'n kom inn på tunet. Han spytta ei tobakksklyse bort under ei ripsbærbusk som stod innafor grinda. «Neeii, ha du fått finstasen på deg alt?» kvitra Bendikt'n. «Kan no ikkje gå i kvardagsbrokja te kyrkje!» brumma Lass'n og såg bryskt ned på Bendikt'n. «Desuten får me selskap med oss yve fjorden!» «Hææ? Ha du tenkt å drukne oss, elle?» Bendikt'n vifta med armane og hoppa opp og ned som ein hare. «Du veit no vel da at færingen min leke so ei kjipe viss da e meir enn to i han!» «So..so. Ro deg no ned din spytulv. Da e no ikkje lenger stykkje yve fjorden, so me flyte vel dan stunda!» svara Lass'n. «Da kan du sei da, du flyte no på flesjet. Da e verre med meg, so søkke so ein ile!» hikste Bendikt'n. «Jaija,» humra Lass'n. «Då får de no klamre deke te meg då, te me når land». Lass'n kunne vere humoristisk når han det ville. Var det noko han hadde, så var det sjølvironi. Bendikt'n sende ei ny tobakksklyse bortover tunet. «Kem so ska ve me?» Han var litt finare i målet no. «Store-Berta og Hans-Anna!» svara Lass'n. Bendikt'n helt på å svelgje skråtobakken i forfjamselsen og augo spratt nesten ut or skallen hans. Så tok armane til å rotere som ein propell. «E du spinn hakkande galen mann! Store-Berta søkke no båten åleine!» «Tei deg no!» humra Lass'n. «No kjeme dei!» Bendik'n sakk ihop og plirte med kulerunde augo bort i vegen. Jau, der kom Store-Berta i heile si velde, med Hans-Anna på slep. Ho skreid ned over vegen som ei drone. Hans-Anna var mest ikkje meir enn ein skugge bak henne i forhold. «Jasså! Dei to herrane står og venta på damebesøk!» Store-Berta sette opp eit skeivt glis medan ho dytta bort i Bendikt'n så han heldt på å gå på ræv. «Da e no heldigvis stilt utpå!» Peip Hans-Anna og tok fram ein lommeduk med blonder på og tørka vekk ein nasedråpe, som hang på tuppen av den spisse nasa hennar. «Ja, veret e'kje noke å sei på, me får sjå og komme oss avgarde!» brumma Lass'n, og tok til å gå mot sjøen. Bendikt'n hoppa etter som ein redd hare med dei to kvinnfolka hakk i hel. Redd var han nok òg, for dette kom aldri til å gå bra. Borda over

«Livet i Fjorden»

vasslinja på begge sider i båten hans var sprogne, så vart det for mykje last i båten, sto vassspruten inn. Han fekk be til høgare makter at det gjekk bra. «Damene fyrst!» flirte Lass'n og bukka djupt. «Stå ikkje dar å skap deg, ditt krek!» glefste Store-Berta og sende Hans-Anna bak i bakskuten. Ho hoppa ombord som ei skjor. «Da e heldigvis ikkje mykje kjøt på dei beina,» tenkte Bendikt'n med seg sjølv og spytta i tanga. Så var det Store-Bert sin tur. Det knaka i tiljeene då ho steig ombord og sette seg på baktofta. Bendikt'n heldt pusten. Båten flaut endå. Så var det Lass'n sin tur, han skulle ro. Bendikt'n hivde tampen ombord og skubba i frå. Han måtte pent sitte i framskuten og det var ikkje akkurat beste plassen. Lass'n la ut årane og hamla seg ut frå fjæresteinane. I det same båten kom på flot, tok vatnet til å sive inn gjennom dei sprogne bordgangane. Bendikt'n sat med hjarta i halsen, heldigvis hadde han både auskar og ei bømme ombord. «Du må sjå te å tette dissa sprekkene dine Bendikt, da står jo heile spruten inn!» gaula Store-Berta. Bendikt'n glodde olmt på henne. «Får no inderleg håpe att sprekka di e tette. Da e beire du ausa, so ikkje me går ned, både med mann og mus!» Store-Berta klappa kjeften att, så det klappa i gebisset. Hans-Anna sat bleik bak i rongen og gjorde korset's teikn, medan Lass'n la seg på årane og rodde det han var god for. Store-Berta treiv auskaret og tok til å ause, men mesteparten kom innatt i båten, det var berre nokre få dropar som for over ripa. Halvvegs over fjorden, måtte Lass'n tørke sveitten. I det båten sakka farten, rann det endå meir vatn inn. «Eg tr. trur du må ro Lasse!» peip det bak i rongen. «Ellers kjem me te å drukne!» Hans-Anna var bleik som eit laken og klamma seg til ripa. «Får håpe me reke i land i kyrkjefjæra då, so blir da ikkje so lange veien!» Bendikt'n sende ei klyse bakover, som så vidt gjekk klar Store-Berta og hamna i sjøen. Lass'n la seg på årane att, så det fossa om baugen. Han rodde med full kraft, til dei for som ein skutel opp i fjæresteinane. Store-Berta sklei av tofta idet båten brått stoppa og gjekk i kne ned på tiljeene, som låg og flaut i vatn. «Kan'kje du ro skaple mann! No e eg alande våte heile meg!» Ho reiste seg opp og blæs i nasa, som ein sint okse og kravla seg i land. Hans-Anna kraup etter på skjelvande bein og sette seg på ei stor stein. Det såg nesten ut som om det var hennar siste time.

Etter at dei hadde tømt skoa for vatn og fjelga seg litt, seig dei andektig opp mot kyrkja. Hans-Anna tok fram lommeduken og tørka nokre krokodilletårer i det dei kom opp på kyrkjebakken. Store-Berta knua handveska si inntil den store kroppen, som om ho var redd nokon skulle rappe ho. Bak kom Lass'n rak i ryggen som ein general. Bendikt'n hadde stoppa nedanfor kyrkjenova og drog ei lita lerce opp or jakkelomma. Han opna korken og keik forsiktig rundt seg, han tok seg ein dugeleg slurk før han rusla vidare. Han trippa forsiktig vidare og blanda seg med resten av fylgje. Dei gjekk med andakt inn i kyrkja og sette seg lengst bak med døra. Verken Lass'n eller Bendikt'n likte å sitte slik at alle kunne glane på dei. Kyrkja var pynta etter alle kunstens reglar. Det same var kista, som stod ved trappa opp til alterringen. Då alle var komne inn, gjekk gong-gongen oppe i kyrkjetårnet. Klokken kima så det høyrdest over heile bygda. Før siste slaget var ebba ut, stemde organisten i med nokre falske tonar, som skar gjennom marg og bein. Bendikt'n krympa seg der han sat og rengde opp på Lass'n, som sat ved sida. Etter songen, med kvinande kvinnfolk heilt oppe i den høgaste falsett og eit par brummande mannfolk nede det mørkaste djupet, steig presten fram. Han tala varmt om den avlidne, kor eit fantastisk menneske ho hadde vore. Kvinnfolka hulka og græt som best dei kunne. Lass'n såg bort på Bendikt'n, hovudet hans hang ned på den innsokne brystkassen hans og han var på veg framover. Lass'n dytta til han i sida, Bendikt'n gjorde eit rykk med hovudet, rett før han skalla inn nakken på han som sat på benken framfor. Han saup etter anden, i det han retta seg opp så det skralla i den tyste forsamlinga. Folk snudde seg og glante rundt seg, for å sjå kven som lage slike fælslege lydar. Bendikt'n såg opp i taket og lest som ingenting. Den store vomma til Lass'n riste som ein tre hestar Sabb og ansiktet såg ut som ein tomat. Han drog fram ein skittengrå lommeduk, for å skjule det breie gliset. Bendikt'n glodde olmt på han, som om dette var noko å le av. Etter fleire falske og hulkande salmar, var presten endeleg ferdig. Dei næraste til den avliden samla seg rundt kista og bar ho ut med heile den tårevåte

«Livet i Fjorden»

forsamlinga på slep. Då presten var ferdig med å kaste jord på kista og siste salme var sunge, kunne Bendikt'n endeleg slappe av. No var det berre kondoleringa som stod att og så kunne moroa ta til.

Vel framme der minnestunda skulle haldast, gjekk praten livleg. Ute på tunet gjekk ølbollen rundt, som skikken var både i bryllaup og gravferd. Både Lass'n og Bendikt'n forsynte seg godt. Dei flytta seg litt rundt, slik at ølbollen stadig kom i deira hender. Så bar det inn til langbordet med betasuppe og flatbrød. Vertsfolket hadde kokt rikeleg med suppe. Kjerringa på garden hadde stått i eldhuset heile dagen før og kokt suppe i den store koparkjelen, som hang i grua. Det var framleis lunk i ho dagen etter, så det tok ikkje lang tid å varme ho oppatt. Bendikt'n hivde innpå med suppe, som om han aldri hadde sett mat før. Men det var det ikkje forvel han hadde heller, for heime hjå han var det ikkje så sprekt med slik mat. Han slurpa og åt slik at det rann nedetter haka hans. Lass'n var ikkje likare, men han var litt meir diskre enn Bendikt'n. Ølbollen gjekk framleis rundt og begge forsynte seg godt kvar gong dei fekk han i hende. Etter den femte tallerken med betasuppe, la Bendikt'n skeia ifrå seg og rapa medan han heldt seg for munnen. «Fan, eg vart so mette!» kviskra han til Lass'n. «Eg kan ikkje fatte og begripa, at du i heile får så mykje mat ned i dinna sporsvemaen din!» humra Lass'n. Det var tydeleg at det tok til å røyne for han og no, men det kunne han no ikkje innrømme. «Hadde eg hatt so store skitpase so du ha, so sko eg visst ha ete meir!» stønna Bendikt'n og rapa på nytt.

Det såg ut som resten av forsamlinga tok til å bli mette òg. Nokre av karane reiste seg og gjekk mot døra, medan kvinnfolka lo og gret om einannan, som ein forvirra høneflokk. «Eg trur eg må ut å slå lens!» kviskra Bendikt'n. «Eg kan no slå fylgje med deg, lyte visst lette på trykkje eg òg!» svara Lass'n. Dei reiste seg og tusla ut ilag med dei andre som skulle i same ærend. Mannfolka stod på rekke å rad bakom nova. Praten gjekk livleg og øl var det framleis og få. Brått kjem Store-Berta strenande ut døra i retning utedoen. Ho såg noko bleik ut, var stram i maska og augo fokuserte på dodøra. Så kjem Hans-Anna, Svarte-Gunda, Sira på Haugen, Ruge-Johanna og resten av kvinnfolka, i full galopp. Alle har retning på utedoen, men der er det oppteke. Hans-Anna bankar forsiktig på døra. «Eg trur eg må få komme inn, ellers går det gale!» Ho var mest på gråten. «Her kjeme ingen inn før eg e ferige!» brølte det frå innsida. Alle mannfolka snudde seg som ein drilla militærtropp og glante mot oppstyret utanfor doen, medan dei famla febrilsk med å få utstyret sitt på plass att. «Ka i svarte e da so fyregår!» Augo til Bendikt'n var store som tinntallerka, medan han glodde på alle kvinnfolka, der dei flaug over alle haugar. Nokre hadde alt sett seg ned bak ei tue og snart kunne ein sjå kvite bakendar over alt. Bendikt'n vart heilt øren. Slikt hadde han aldri sett før, hadde dei løpetid eller? Kjakøksa til Lass'n datt ned på haka og siklet rann nedetter munnvikane. «Eg trur fan, gale meg, folk e spinn hakkande galne!» mumla han, medan han prøvde å tørke vekk slevet om kjeften. Brått sette Bendikt'n i eit gaul. Han heldt seg for magen og sprang, som om han hadde tykjen sjølv i helane, inn i ei sprakebusk. Han prøvde febrilsk å løyse broka, men alt gjekk så fort at før han viste ordet av det kom bomba som eit prosjektil og katastrofen var eit faktum. Så var det Bendikt'n sin tur. Brølande, sprang han for livet rundt løa og inn i mottinga, vringde av seg broka og let det stå til. Men, det var sleip i mottingholet, så han for attlenges og landa med bakenden ned i kyremøkja. Heldigvis var det gammal motting som låg fremst, så det var mjukt og sitte, men ikkje særleg behageleg.

Inne i sprakebuska kjempa Bendikt'n sin livs kamp, med å få av seg den ufjelge underbroka. Men, det var ikkje enkelt når sprakenålene stakk som sprøytespissar og nokre sette seg fast i dei edlare organ. Han såg ut som ein kråkebolle nedantil. Han stønna, bante og hivde underboka bortover bøen så skitspruten stod om øyro hans. Rundt omkring høyrdest ynking og stønning. Nokre ba til høgare makter, utan at det var noko stor hjelp. Bort på tunet stod gardkjerringa og gret sine modige tårer, for suppa som var forderva. «Tilgje meg!» gaula ho. «Ditta e straffa fy at eg ha vore så tverre og ilska mot den stakkars kår-kjerringa som er gått bort. Da e Han dar oppe, so straffe

«Livet i Fjorden»

meg!» Ho gret så tårene trilla ned etter kjakane. Folk tykte synd i kjerringa og prøvde å trøste så godt dei kunne.

Etter ei god stund med jammer rundt omkring, roa det heile seg. Bendikt'n hadde kvitta seg med underbroka, men det var ikkje fritt for at det hadde komme litt i hi broka òg. Men, det fekk stå til, han var heldigvis ikkje åleine. Verre var det med Lass'n. Han kom luskande fram frå mottinga som ein annan grevling og lukta var ikkje noko å sei på etter eit omframt gjørmebad. Han glodde olmt på Bendikt'n, då dei møttest på tunet. «Hald kjeften på deg! Sei du noke, so kverka eg deg!» Bendikt'n heldt seg for nasa og såg ut i lufta, men det var tydeleg at han ikkje kunne halde seg. «Ha'kje du nok med din eigen drit, om ikkje du skulle stappe broka full av møk òg?» Lass'n som vanligvis var ein roleg kar, langa ut og trefte Bendikt'n midt på øyra med flathanda. Den lette kroppen til Bendikt'n for som ei fille bortetter tunet og landa i ein stamp med vatn som stod der. «Vask av deg din eigen drit!» brølte Lass'n. Bendikt'n reiste seg fortumla og riste seg som ein hund, så vassdrevet stod rundt han. «Da e visst fleire so burde vaske seg!» mumla han og luska slukørt mot kjellardøra. Han smatt inn i kjellaren og fann eit krus. Sette det under øl krana og tappa. Han drakk opp kruset på styrten, tappa eit til og drakk halve. Han rapa høgt i det kjellardøra gjekk forsiktig opp. Inn kom Lass'n, slukørt og sette seg på ein kasse. Bendikt'n rakte han det halvfulle kruset utan eit ord. Lass'n supte det i seg og tappa i på nytt. «Da va'kje meininga å slå!» mumla han. «Helt i orden da Lasse! No drikke me te me bli utkasta og drite i alt!» Bendikt'n slo seg på kneet og skogrelo.

Det lei langt på dag og folk tok til på heimvegen. Store-Berta og Hans-Anna lurte på kor det var vorte av Bendikt'n og Lass'n, men ingen hadde sett det på lenge. «Kjenne eg dei rett, so veit eg kor dei e!» Store-Berta spratt opp av stolen som ein rakett. «Kom Anna! La oss finne dissa slampane, so me kjeme oss heimatt i kveld!» Ho strena ut døra med Hans-Anna trippande etter. Utanfor kjellardøra stoppa ho og trekte pusten, så reiv ho opp døra med eit brak. Der låg Lass'n, med Bendikt'n i armkroken og sov som to englar. «Opp med deke, drukkenboltar!» freste Store-Berta. «No ska me heim!» Bendikt'n lyfte så vidt på eine augeloket. «Kvirre-virre-vipp, snuppa mi!» Han var så grann i målet som ein fem-åring. Store-Berta langa ut med handveska si, i retning Bendikt'n, men treffe Lass'n i staden, midt i trynet. Lass'n bykste fortumla opp og såg seg omkring. Så sette han augene i Store-Berta; «Slær du, di merr!» «Neiiii, neiii...da..da..da.. va'kje m..meininga!» stutra Store-Berta. Ho såg med eitt redd ut, hadde ikkje sett Lass'n så morsk før. Hans-Anna stod i døra og gjorde korset's teikn, medan pusten gjekk som ein blåsebelg. Det var tydeleg at ho var redd. «E..e..eg, vil berre heim!» stotra Hans-Anna. «Høyre du, Bendikt! Dei vil heim!» Lass'n prøvde å moe seg opp. Bendikt'n reiser seg halvvegs opp, triv kruset og tappar i øl og drikk. «Jadda..jadda masa, me ska nok få dei fine damene våre heim, sant Anna?» Han spratt opp som ein røysekatt, treiv Hans-Anna og tok til å danse med ho. «Kom hit då Anna, så tek vi ein dans, trallalallala!» Hans-Anna gispar etter luft. «Å Herre Gud han drep meg!" Store-Berta byks til og triv Bendikt'n i jakkekragen. «Kom her, ditt narr! Du ska ro heile vegen heim din slask!» Så drog ho han med seg ned til sjøen og lempa han ombord i båten. Hans-Anna var så redd, at ho skalv der ho trippa etter dei.

Vel ombord i færingen, sette Lass'n seg til årane og byrje ro med seige tak. Dei to kvinnfolka sat i kvar si rong, den eine sint som ein storokse og den andre såg ut som ho hadde sette spøkelse. Bendikt'n låg på tilfaret og sov som ein liten unge. Åretaka til Lass'n blei tregare og tregare. Til slutt sovna han òg, med årane i fanget. Store-Berta reiste seg raud i fjeset som ein tomat. Dytta Lass'n ned av tofta, så han ramla på rygg, ned mellom beina til Hans-Anna i fram skuten. Ho sette i ei skrik og trakk føtene opp under haka, ho hadde aldri opplevd maken. Ho var ikkje vant til å ha mannfolk så nær og slett ikkje mellom beina. Store-Berta treiv årane og tok til å ro. Ho var så skamfull over å ha slike saupskoltar til naboar. Kva ville folk sei, etter ei slik framferd som desse to hadde prestert? Og så i ei gravferd. Ho torde aldri vise seg i byga meir. Då båten seig opp i

«Livet i Fjorden»

fjæresteinane på Neset, treiv Store-Berta armen til Hans-Anna og drog ho med seg heimover.

Ombord i den vesle færingen til Bendikt'n, som var halv i vatn, låg dei to karane og sov som små born.